



**Til  
Rogaland fylkeskommune  
Samferdselsutvalget  
Postboks 130 Sentrum  
4001 STAVANGER**

### **Uttale – Strategisk plan for ferjekaiar i Rogaland**

Interesseselskapet Fjordvegen Rute 13 er eit samarbeidselskap for utvikling av den viktige indre samferdselsåra Rv 13 på Vestlandet. Traseen for Rv 13 gjeld 18 kommunar og går gjennom dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Rv/Fv 13 er ei livsnerve for kommunane den går gjennom både for næringsliv/turisme og innbyggjarar.

Selskapet si rolle er å fremja Rv/Fv 13 i arbeidsfeltet mellom offentlege og private store aktørar, på tvers av fylkesgrensene og som viktig aktør for regionbygging på indre Vestland.

I Rogaland går Rv 13 på strekninga Sandnes – Solbakk via ferjesambandet Lauvvik – Oanes. Denne strekninga vil ikkje lenger vera ein del av Rv 13 etter opninga av Ryfast i 2019.

Fjordvegen Rute 13 er via vår medlemskommune Sandnes gjort kjend med Strategisk plan for ferjekaiar i Rogaland.

Selskapet ser utfordringane i høve til tryggleik og beredskap i stor grad på same måte som Sandnes kommune. Fjordvegen Rute 13 støttar kravet om at kaiane på Lauvvik og Oanes fortsatt må vera i offentleg eige og kunne nyttast i situasjonar då Ryfast-tunnelane vert stengde.

For reiselivet i Fjordvegregionen vil det vera av stor verdi å kunne vidareføra turistferja og kombibåten på Høgsfjorden og Lysefjorden. Ei mogeleg kommersiell ferjedrift på sambandet Lauvvik – Oanes, etter modell som for sambandet Breistein – Valestrandsfossen, Osterøy i Hordaland vil også kunne ha stor verdi for regionen. Slik ferjedrift må kunne nytta dagens ferjekaiar.

Kinsarvik 16.11.2016

I/S Fjordvegen Rute 13

Jostein Eitrheim

Dagleg leiar

[www.fjordvegen.no](http://www.fjordvegen.no)

Hardangerrådet iks signerar digitalt

Kopi til: Sandnes kommune v/ordførar Stanley Wirak  
Jærvegen 33 4319 SANDNES